



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Mette Sømme, 51568735

Utlysing - tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar 2025

Kunnskapsdepartementet vidarefører tilskotsordninga, symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i 2025. Statsforvalteren i Rogaland har motteke kr 834 000 til føremålet. Kommunen kan søkje om inntil kr 2 000 for kvar elev. Andre kostnader må kommunen dekke sjølv. Tilskotet skal brukast i budsjettåret 2024. Søknadsfristen er 1. mai 2025.

Midlane skal stimulere kommunen til å gjere ein ekstra innsats slik at nykomne minoritetsspråklege elevar kan få meir og betre symjeopplæring. Mange nykomne minoritetsspråklege elevar har ikkje gjennomført symjeopplæring. Denne gruppa er overrepresentert i ulykker på grunn av manglande symjeferdigheiter. I læreplanen er det eit mål at elevane skal vere symjedyktige etter 4. årstrinn.

Mål for ordninga

Målet er å redusere risikoen for ulykker i samband med bading og å setje elevane betre i stand til å nå kompetansemåla i læreplanen.

Kven kan søkje?

Kommunar som har nykomne minoritetsspråklege barn og unge i grunnskolen og/eller nykomne minoritetsspråklege vaksne med rett til grunnskoleopplæring kan søkje om tilskot.

Målgruppe

Målgruppa er nykomne minoritetsspråklege barn og unge i grunnskolen og nykomne minoritetsspråklege vaksne med rett til grunnskoleopplæring. Omgrepet nykomne minoritetsspråkleg er ikkje konkret tidfesta, sjølv om det betyr ei viss avgrensing i tid. Det er kommunen sjølv som må definere om tilbodet er til det beste for eleven.

Andre elevar som ikkje kan symje eller ikkje har hatt høve til å delta i symjeundervisning, kan også delta i symjeopplæringa. Desse inngår ikkje i tildeling av midlar per elev og skal ikkje førast opp i søknaden.

Organisering og vilkår for tilskot

- Kommunen vel sjølv korleis symjeopplæringa skal organiserast.
- Symjeopplæringa kan leggjast til skoletida eller etter skoletid.



- Fleire kommunar kan samarbeide om å etablere eit opplæringstilbod.
- Søknader som beskriv eit samarbeid mellom kommune og frivillige organisasjonar skal prioriterast.
- Heile tilskotet skal nyttast til aktivitetar relaterte til symjeopplæring.
- Kommunen kan søke om tilskot for eit kalenderår om gongen.
- Gutar og jenter skal få eit likeverdig tilbod.

Søknadsfrist er 1. mai 2025

I søknaden skal de m.a. opplyse om korleis de vil organisere symjeopplæringa, namn på skolar og tal på nykomne minoritetsspråklege elevar/vaksne som skal få symjeopplæring, kor mange timar opplæring de planlegg for, og kva beløp de søker om. Bruk søknadsskjemaet som ligg på [Statsforvalteren si heimeside](#).

Vi ber om ein samla søknad frå kommunen til sfropost@statsforvalteren.no

Tildeling og rapportering

Vi sender ut svar seinast innan 1. juli 2025.

Etter gjennomført symjeopplæring skal kommunen rapportere kor mange nykome minoritetsspråklege elevar/vaksne som har gjennomført. Meir informasjon vil stå i tildelingsbrevet.

Kommunane må sende rapport om gjennomført symjeopplæring før Statsforvaltaren kan tildele nye midlar.

Med helsing

Hallgeir Bø (e.f.)
ass. direktør

Mette Sømme
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

SANDNES KOMMUNE	Postboks 583	4302	SANDNES
EIGERSUND KOMMUNE	Postboks 580	4379	EIGERSUND
BJERKREIM KOMMUNE	Postboks 17	4384	VIKESÅ
BOKN KOMMUNE	Boknatunvegen 37	5561	BOKN
GJESDAL KOMMUNE	Rettedalen 1	4330	ÅLGÅRD
HAUGESUND KOMMUNE	Postboks 2160 Raglamyr	5504	HAUGESUND
HJELMELAND KOMMUNE	Vågavegen 116	4130	HJELMELAND
HÅ KOMMUNE	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
KARMØY KOMMUNE	Postboks 167	4291	KOPERVIK
KLEPP KOMMUNE	Bedriftsvegen 4	4353	KLEPP STASJON
KVITSØY KOMMUNE	Kommunehusveien 6	4180	KVITSØY
LUND KOMMUNE	Moiveien 9	4460	MOI
RANDABERG KOMMUNE	Postboks 40	4096	RANDABERG
SAUDA KOMMUNE	Postboks 44	4201	SAUDA
SOKNDAL KOMMUNE	Gamleveien 20	4380	HAUGE I DALANE
SOLA KOMMUNE	Postboks 99	4097	SOLA
STAVANGER KOMMUNE	Postboks 8001	4068	STAVANGER
STRAND KOMMUNE	Postboks 115	4126	JØRPELAND
SULDAL KOMMUNE	Eidsvegen 7	4230	SAND
TIME KOMMUNE	Postboks 38	4349	BRYNE
TYSVÆR KOMMUNE	Postboks 94	5575	AKSDAL
UTSIRA KOMMUNE	Postboks 63	5547	UTSIRA
VINDAFJORD KOMMUNE	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN